

19.05.2011

Dobbel Arnardo i neste veke

Eit ståande spørsmål i Kvinnherad i mai plar vera dette:
Når kjem Arnardo? Svaret i år er at heile Noregs sirkus kjem til Uskedalen med 2 forestillingar i neste veke, nærmare bestemt torsdag 26. og fredag 27. mai. Som alltid før er spelestaden Rabben Feriesenter.
Og leiinga er ikkje snauare enn før når det gjelder å spenna forventningane høgt.

Arild Arnardo, som toppar familiodynastiet, strør ikkje om seg med berre det olympiske begrep 'høgre, raskare, sterkare', men legg også til at forestillingen i det 63. året til sirkuset er prega av god og lun humor.

Han viser her til den franske klovnen Mathieu som en smilets meister. Så reklamerar han for Duo Boldia som inntar posisjonar ein knapt kan tru er mogelege og viser vektlause overgangar. Et elegant muskelspel som overgår det meste, meiner Arnardo.

Dea og Michael Olivares står for grasiøs styrke og eleganse i luftrommet og den spanske linedansaren Nicol Nicols imponerer med baklengs og forlengs salto. Berre 3 i heile verda får til begge øvingar! Og så må ein ikkje gløyma 2 til som behersker luftrommet - Duo Boiachin. Arnardo uttaler at dei byr på eit nummer som er meir risikabelt enn nokon gong før!

I Arnardos ark i år er det hundar, geiter, kaninar, kattar, ender og sjølvsagt elefantar og hestar. Som eit apropos til diskusjonen om dyr i sirkus viser Arnardo til kor begeistra folk er for elefantane. Atmosfæren endrar seg heilt når dei kjem inn, påpeikar han..

Så er sjølvsagt sjonglören på plass. Spanjolen Michael Olivares slår til med stor variasjon og sydlandsk temperament, får vi veta. Og Are Arnardo friskar stadig opp illusjonens kunst - ein tradisjon etter bestefar Arne.

Cirkus Arnardo har ein stab på 92 i år og sjefen lovar at dei vil sørge for betre folkehelse!

Av Ola Matti Mathisen.